

## SAKSPAPIR

| Styre, komite, utval                     | Møtedato   | Saknr  |
|--|------------|--------|
| Livsløpsutvalet                          | 13.02.2025 | 007/25 |
| Giske formannskap                        |            |        |
| Giske ungdomsråd                         | 26.02.2025 | 003/25 |
| Råd for menneske med funksjonsnedsetting | 13.02.2025 | 006/25 |
| Giske kommunestyre                       | 20.02.2025 | 013/25 |

## Skulebruksplan for Giske kommune, 2025-2030

### Innstilling:

Giske kommune ber kommunedirektøren opprette ei arbeidsgruppe med mandat til å lage eit utkast til skulebruksplan, som grunnlag for å fatte langsikte og berekraftige val for organiseringa av grunnskulane våre. Planen skal beskrive kapasitet, skulekringsgrenser, funksjonalitet/tilstand på skulebygga, befolkningsframskriving og kva tiltak kommunen kan iverksette på kort og lengre sikt.

2. Giske kommune oppnemner politiske representantar til referansegruppe.

### Giske kommunestyre 20.02.2025

Politisk representant til referansegruppe, foreslått av Ole Jogeir Furnes, Senterpartiet Foreslår Monika Vartdal Giske inn som politisk representant i referansegruppa. Hun satt tett på prosessen ved forrige skulestruktursak, og satt i arbeidsgruppa då. Denne erfaringa kan vere god å ha med.

Forslaget vart trekt då fellesforslaget frå kommunestyret vart fremja.

Deltak ikkje, foreslått av Kåre Sæter, Arbeiderpartiet

Dette er ei administrativt styrt gruppe og det er ikkje naturleg at den har politisk deltaking.

Dette er ei uheldig rolleblanding. Foreslår difor at Giske kommunestyre ikkje oppnemner deltagarar i denne gruppa.

Med ei presisering av at dette er kandidatar til referansegruppe og ikkje arbeidsgruppe, trakk forslagstilstar dette forslaget.

Forslag til politisk representasjon, foreslått av Louise Kristin Haahjem, Høyre  
Giske Høgre foreslår Monica Vartdal Giske med vara Olav Sindre Roald som representanter fra formannskapet og Thorill Presterud Roald som representant fra Teknisk Utvalg med vara Louise Haahjem.

Forslaget vart trekt då fellesforslaget frå kommunestyret vart fremja.

Ber om administrativ endring frå "Giske kommune" til "Giske kommunestyre" i innstillinga.

Fellesforslag frå kommunestyret til val av representantar til referansegruppe:

Frå livsløpsutvalet Mona Vartdal Dimmen med Randi Kleivan som vara, frå formannskapet Monika Vartdal Giske med Olav Sindre Roald som vara, frå teknisk utval Thoril Presterud Roald med Louise Haahjem som vara, Svein Kåre Aarseth og ein representant med vara frå Giske ungdomsråd.

#### K - 013/25 Vedtak:

1. Giske kommunestyre ber kommunedirektøren opprette ei arbeidsgruppe med mandat til å lage eit utkast til skulebruksplan, som grunnlag for å fatte langsikte og berekraftige val for organiseringa av grunnskulane våre. Planen skal beskrive kapasitet, skulekringsgrenser, funksjonalitet/tilstand på skulebygga, befolkningsframskriving og kva tiltak kommunen kan iverksette på kort og lengre sikt.

Giske kommune oppnemner følgjande politiske representantar til referansegruppe:

Frå Livsløpsutvalet Mona Vartdal Dimmen med Randi Kleivan som vara.

Frå formannskapet Monika Vartdal Giske med Olav Sindre Roald som vara

Frå teknisk utval Thoril Presterud Roald med Louise Haahjem som vara

Frå råd for menneske med funksjonsnedsetting Svein Kåre Aarseth

Giske ungdomsråd vert bedt om å oppnemne ein medlem med varamedlem.

#### Livsløpsutvalet 13.02.2025

Livsløpsutvalet føreslår tillegg til innstillinga:

Livsløpsutvalet føreslår følgjande representant til referansegruppa:

1. Mona Vartdal Dimmen
2. Randi Kleivan

Livsløpsutvalet føreslår at ungdomsrådet, teknisk utval og formannskapet utnevner sine representantar til referansegruppa.

Innstillinga med tillegg vart samråystes godkjent.

**LU - 007/25 Vedtak:**

**Innstilling:**

Giske kommune ber kommunedirektøren opprette ei arbeidsgruppe med mandat til å lage eit utkast til skulebruksplan, som grunnlag for å fatte langsigte og berekraftige val for organiseringa av grunnskulane våre. Planen skal beskrive kapasitet, skulekringsgrenser, funksjonalitet/tilstand på skulebygga, befolkningsframskriving og kva tiltak kommunen kan iverksette på kort og lengre sikt.

2. Giske kommune oppnemner politiske representantar til referansegruppe.

Livsløpsutvalet føreslår følgjande representant til referansegruppa:

Mona Vartdal Dimmen

Randi Kleivan

Livsløpsutvalet føreslår at ungdomsrådet, teknisk utval og formannskapet utnevner sine representantar til referansegruppa.

**Råd for menneske med funksjonsnedsetting 13.02.2025**

Innstillinga vart samråystes godkjent.

**RMF - 006/25 Vedtak:**

1. Giske kommune ber kommunedirektøren opprette ei arbeidsgruppe med mandat til å lage eit utkast til skulebruksplan, som grunnlag for å fatte langsigte og berekraftige val for organiseringa av grunnskulane våre. Planen skal beskrive kapasitet, skulekringsgrenser, funksjonalitet/tilstand på skulebygga, befolkningsframskriving og kva tiltak kommunen kan iverksette på kort og lengre sikt.
2. Giske kommune oppnemner politiske representantar til referansegruppe.

**Innleiing:**

Skulebruksplanen 2025-2030 skal danne eit kunnskapsgrunnlag for å fatte langsigte og bærekraftige val for organiseringa av grunnskulane i Giske kommune.

Planen skal gi grunnlag for å vurdere kapasitet, gi oversikt over tilstand/funksjonalitet og utforming av eksisterande bygg og uteområder i forhold til lovverk og eksisterende planar.

Skulebruksplanen vil bygge på SSB si befolningsframskriving, sett opp mot investerings- og utbetringsbehov i eksisterande bygg og overordna mål i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Kommunedirektøren foreslår tett samspel mellom politikk og administrasjon, med dialog og samskaping knytt til strategiske merkesteinar. Den administrative arbeidsgruppa utarbeider og legg fram for den politiske referansegruppa for innspel og justeringar.

#### **Saksutgreiing:**

Ein skulebruksplan tek utgangspunkt i aktuelt lovverk, nasjonale og lokale føringar for oppvekstområdet, her spesifikt for grunnskuletilbodet i Giske kommune. Planen tek utgangspunkt i den kunnskapen ein har tilgang til når det gjeld barnetalsutvikling, befolningsframskriving og endring i alderssamansetting. Kommunen vil vere attraktiv for busetting for unge i etableringsfasen og også for barnefamiliar. Ein ser på flyttemønster internt i kommunen og også flyttemønster til og frå kommunen. Kunnskap om tilgjengelege tomter, sentrumsutvikling og arealplan er også sentralt i kunnskapsgrunnlaget.

Det er fleire faktorar som gjer at kommunen treng å sjå heilskafeleg på formålsbygga til grunnskuleområdet.

Ein er kjende med at det er eit omfattande etterslep på vedlikehald og oppgradering av dei fleste kommunale bygg, også skulebygga. Dette er situasjonen etter år med krevjande økonomiske rammer, herunder år på Robek. Kommunen har også begrensa investeringskapasitet i overskueleg framtid. Det vil vere strategisk viktig å prioritere investeringar som kan optimalisere drift og auke attraktiviteten, vere formålstenlege bygg for brukarar og tilsette.

Dette utløyer eit behov for å skaffe seg god oversikt over tilstanden på skulebygga, sikre universell tilgang til opplæring i tråd med gjeldande læreplan, miljøretta helsevern for elevane og også attraktivitet som bygg opp under Giske som bu-kommune, samt intensjonen om å kunne rekruttere og behalde kvalifisert arbeidskraft.

Valderøy Barneskule vart åpna i 2014 og den nye skulen på Vigra skal etter planen vere klar våren 2027.

Godøy skule fekk ei oppgradering/ombygging spesielt av uteområdet, for å kunne legge betre til rette for å være ein skule for 1.-7. trinn. Ved Giske ungdomsskule vart det sett opp modulbygg for å romme utvida drift, samt at skulekjøkkenet har blitt renoveret.

Kor formålstenlege er formålsbygga for oppvekstområdet, totalt i Giske kommune?

#### **Heimelsgrunnlaget:**

Lov om grunnskuleopplæringa, spesielt § 12-7 Det fysiske miljøet til elevane  
<https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/%2412-7>

Forskrift om miljøretta helsevern i skulen: [Ny forskrift for miljø og helse i barnehager og skoler 2023 - KS](#)

#### **Vurdering:**

For å bygge kapasitet til forplikta og forankra handling i etterkant av skulebruksplanprosessen, tilrår Kommunedirektøren at politisk oppnemnd referansegruppe følgjer arbeidet. Mandatet til referansegruppen vil vere å legitimere kunnskap og strategiar i møte med arbeidsgruppen, i kvar av fasene av arbeidet. Ei slik samskaping aukar sannsynet for at prosessen vektlegg vesentlege element. Slik kan skulebruksplanen adressere kommunen sine heilskaplege behov på ein legitim måte.

Kommunedirektøren tilrår at referansegruppen har tilstrekkeleg representasjon til å kunne arbeide effektivt i møte med den administrative arbeidsgruppen. Administrasjonen arbeider i dei ulike prosessfasane og presenterer ved merkesteinane, med rom for innspel frå referansegruppen ved avtalte merkesteinar.

Oppstart med politisk mandat til prosessen:

Livsløpsutvalget.

Rådet for menneske med nedsatt funksjonsevne.

Ungdomsråd

Formannskap

Kommunestyret 10. april.

Kunnskapsinnhenting og bearbeiding av data for å forstå behov, krav og kunne foreslå strategiar for prioritering og handling.

Arbeidsfase 1.

Drøfting med referansegruppe, avklaring av arbeidsområder i fase 2 , juni 25.

Arbeidsfase 2:

Juni 25-Sept 25: Skape engasjement: Legges ut på høyring hos skulane, FAU (temaplan), ungdomsråd. Frist innspel 1.sept.

Arbeidsfase 3:

Sakshandsame innspel og justere kunnskapsbase ved behov. Medverknad frå referansegruppen, innspel til endelige tema og strategiar for arbeidet med skulebruksplan.

Arbeidsfase 4:

Konstruksjon og samanstilling av skulebruksplan: Klart mandat og retning for arbeidet. Internt arbeid i arbeidsgruppen evet ved kjøp av tenester frå ekstern kapasitet ved behov. Første utkast ferdig innan medio november, klart til merkesteinsmøte med ref.gruppe og medverknad frå tillitsvalde, FAU og verneteneste. Vurdere offentleg høyring.

Arbeidsfase 5:

Iverksetting:

Vedtak i kommunestyret des. 25, for innarbeiding i økonomi og handlingsplan.

Arbeidsfase 6.

Monitorering av resultat, læring, justering og forbedring.

Videre oppfølging av arbeidspakkar/ delstrategiar frå 2026 og fortløpende i åra som kjem til planen er gjennomført.

#### Økonomiske konsekvensar:

Både driftsbudsjett og investeringsbudsjett fordrar tydelege prioriteringar og strategisk, heilsapeleg plan.

#### Tilknyting til kommuneplan:

Kommuneplanen sin samfunnsdel legg til grunn at kommunale planar skal medverke til at vi nærmar oss kommunen sine hovudutfordringar om:

Gode levekår

Ei attraktiv bukommune med kontrollert bustadutvikling

Næringskommune som er attraktiv

Fokus på tidleg innsats knytt til å førebygge utanforskap er også sentralt i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Kvalitetsplan for oppvekst har tittel etter visjonen for ein oppvekst i Giske kommune; "Det var bra eg kom". Visjonen tek utgangspunkt i erfaringane ein ynskjer barn skal ha etter dagen i barnehage og skule.

Førebyggande plan for omsorgsvikt og åtferdsvanskar legg til grunn at alle val Giske kommune gjer, skal vere til barn sitt beste.

#### FN sine berekraftsmål:

| SYMBOL  | TITTEL                            | DENNE SAKA SI TILKNYTING  |
|---|-----------------------------------|---|
|  | GOD HELSE                         | Skulebygg og uteområder som er i tråd med forskrift for miljøretta helsevern i skulen |
|  | GOD UTDANNING                     | Kvalitet i opplæringa   |
|  | BEREKRAFTIGE BYAR OG LOKALSAMFUNN | Fokus på berekraftige tenester og effektiv bruk av ressursar                          |
|  | SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA           | Heilsapeleg fokus og retning for grunnskulane   |

### **Kommunedirektøren sin konklusjon:**

Kommunedirektøren set saman ei arbeidsgruppe med deltagarar frå kommunalområda Oppvekst og Samfunn, med mandat til å utarbeide eit utkast til skulebruksplan for Giske kommune.